



NVE

Bakgrunn for vedtak

Uttak av grunnvatn til drikkevassforsyning ved Bømoen

Voss herad i Vestland



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

Tiltakshavar

Voss herad

Referanse

202320038-8

Dato

05.08.2025

Ansvarleg

Silje Aakre Solheim

Saksbehandlar

Marianne Ask

Dokumentet sendes uten underskrift. Det er godkjent i henhold til interne rutiner.



Innhald

1	SØKNAD.....	3
2	HØYRING OG DISTRIKTSBEHANDLING	6
3	NVE SI VURDERING	8
4	NVE SIN KONKLUSJON.....	12
5	FORHOLDET TIL ANNA LOVVERK	12
6	MERKNADER TIL KONSESJONSVILKÅRA ETTER VASSRESSURSLOVA	12
7	VEDLEGG	13

Samandrag

Voss herad planlegg å etablere eit vassverk med uttak av grunnvatn på Bømoen. Dette skal vere ei reserveforsyning til Vossevangen vassverk som ligg flaumutsett til på Prestegardsmoen. Kommunen søkjer løyve om eit maksimalt uttak av grunnvatn på inntil 5184 m³/døgn (60 l/s). Reservevassverket må haldast operativt i drift heile tida og vil supplere dagens vassverk med eit kontinuerleg uttak på 11 l/s. Det er etablert fem brønnar i mektige breelvasetningar på kommunal grunn på Bømoen. Brønnområdet ligg ca. 5 km aust for Voss sentrum og grenser til Raundalselvi. Kapasiteten til brønnane er god, og det er berekna at 65 % av nydanninga i reservoaret kjem frå nedbørsinfiltrasjon, mens dei resterande 35 % kjem frå indusert elveinfiltrasjon. NVE vurderer berre uttak av vatn.

Vestland fylkeskommune, Statsforvaltaren i Vestland, Mattilsynet og Norges geologiske undersøkelse har uttala seg til søknaden. Alle er positive til at det etablerast eit reservevassanlegg. Statsforvaltaren meiner tiltaket ikkje vil gje nemneverdige skadar eller ulempe for allmenne interesser. Fylkeskommunen nemner at det må takast omsyn til krigsminnene i Bømoen leir sørvest for brønnområdet, og Mattilsynet er fornøgd med at planane skal realiserast. NGU har ingen vesentlege kommentarar, og seier elles at brønnane har god kapasitet.

Dei aller fleste prosjekta vil ha enkelte negative konsekvensar for ei eller fleire allmenne interesser. For at NVE skal kunne gje konsesjon til tiltaket må ikkje dei samla ulempene vere av eit slikt omfang at dei overstig fordelane ved tiltaket. Som ein del av konsesjonsvilkåra kan NVE setje krav om avbøtande tiltak for å redusere ulempene til eit akseptabelt nivå.

Voss herad har eit vassverk som ligg utsett til for flaum og treng ei reservevasskjelde for å sikre befolkninga tilgang på reint drikkevatt. Kommunen har difor søkt om eit grunnvassuttak på inntil 5184 m³/døgn frå fem brønnar på Bømoen. Grunnvassreservoaret har god kapasitet og vatnet er av tilfredsstillande kvalitet. Brønnområdet vart tidlegare nytta til militært formål, men er i ettertid kjøpt av kommunen. Kvar brønn vil ha ei inngjerda sikkerheitssone på 10 meter i diameter. Bømoen er eit attraktivt turområdet, men turstiar vil ikkje bli påverka av dei avgrensa omsynssonene. NVE meiner at planane vil sikre trygg vassforsyning til befolkninga og næring i tilfelle eksisterande vassverk blir sett ut av drift.

Konklusjon

Etter ei heilskapleg vurdering av planane og dei føreliggjande uttalane meiner NVE at fordelane av tiltaket er større enn skadar og ulempe for allmenne og private interesser slik at



kravet i vassressurslova § 25 er oppfylt. NVE gir Voss herad løyve etter vassressurslova § 45 til grunnvassuttak på inntil 5184 m³/døgn (60 l/s). Løyve er gitt på nærare fastsette vilkår.



1 Søknad

NVE har mottatt følgjande søknad frå Voss herad, datert 18.12.2023:

«Søknad om konsesjon for uttak av grunnvatn til drikkevassforsyning på gnr./bnr. 92/43, Bømoen i Voss herad, Vestland fylke


Voss herad ønskjer å etablere eit reservevassverk for Vossevangen vassverk med uttak av grunnvatn frå gnr./bnr. 92/43 på Bømoen i Voss herad, Vestland fylke, og søker om følgjande løyve:

Etter vassressurslova, jf. § 8, om løyve til:

- uttak av inntil 5184 m³/døgn (60 l/s) grunnvatn til drikkevassforsyning»

1.1 Hovuddata for grunnvassuttaket

Det er planlagt å nytte brønn B4, B5, B6, B7 og B8 på figur 1 under. Brønnane skal knytast saman med høgdebasseng og vassbehandling til Vossevangen vassverk.



Figur 1: Oversiktskart henta fra søknaden og viser plasseringa av B4, B5, B6, B7 og B8.



Bømoen har mektige breelvavsetningar beståande av sand, grus og stein. Grunnvassnivået i vassreservoaret er samanhengande med Raundalselvi som grensar til reservoaret. Nevina viser at eit generert punkt i Raundalselvi ved brønnområdet har eit nedbørsfelt på 467,8 km². Norconsult skriv i søknaden at hovudtilsiget av vatn til reservoaret kjem frå infiltrasjon av vatn på land, men at også elva matar reservoaret. Brønnane har dermed svært god kapasitet.

1.2 Hovuddata

TILSIG i Raundalselvi ved Bømoen		Hovud-data
Nedbørsfelt	km ²	467,8
Middelvassføring	l/s	32418,5
Alminneleg lågvassføring	l/s	31295,8

GRUNNVASSUTTAK		B4	B5	B6	B7	B8
Brønnhøgde	moh.	102,84	105,6	105,82	104,32	106,02?
Filterdjup (frå topp brønn)	m	16,7-24,7	19-27	17,9-25,9	17-26	20-28?
Gjennomsnittlig uttak	l/s	5	5	5	5	5
Maksimal kapasitet pr. brønn	l/s	20	25	10	15	18
Antall brønner	stk.	5				
Maksimalt samla vassuttak	l/s	60				
Ev. djup til fjell	m	>25	>25	>26	>26	>28
Grunnvassnivå (m under terreng)	mut	11	14	12	13	12

1.3 Om søkjar

Voss herad kommune er tiltakshavar i saka. Mattilsynet har pålagt kommunen å etablere eit reservevassverk.

1.4 Skildring av området

Grunnvassreservoaret som skal nyttast til reservevassforsyning ligg på Bømoen omtrent 5 km aust for Voss sentrum. Området var nytta til militære føremål i over 100 år, og det er registrert fleire stader med kjent og potensiell forureina grunn i området. Det er ikkje registrert forureining på tomte som kommunen har kjøpt til framtidig vassforsyning. Sørvest for brønnområdet, ligg Bømoen leir som er verna i dag, mens like i aust renn Raundalselvi mot Voss. Det er fleire turstiar i nærleiken, men forholdsvis tett skog i området gjer at brønnane er lite synlege i terrenget.


1.5 Teknisk plan

1.5.1 Brønnområdet

Fem brønner er etablert i breelvavsetningar på Bømoen. Filterdjup og filterlengde varierer frå brønn til brønn, men ligg omkring 16 til 28 meter under terrenget.

1.5.2 Vassleidningar

Grunnvasskjelda på Bømoen har vore i bruk sidan 80-tallet. Forsvaret bygde då opp eit enkelt vassverk. Kommunen planlegg å ta i bruk fem nye driftsbrønner, og det skal byggjast nytt vassbehandlingsanlegg og høgdebasseng. Leidningsnett mellom Bømoen og Vossevangen er, ifølgje dei kommunale planane, etablert.



Figur 2: Denne figuren viser strømningslinjene for brønn 3 og er henta fra søknaden. Brønn 3 skal ikkje nyttast til vassuttak på grunn av høgt manganinnhald. Figuren illustrer likevel godt korleis vatnet strøymar i brønnområdet. Mesteparten av grunnvatnet er resultat av infiltrasjon på land, med noko tilsig frå Raundalselvi. Det er naturleg at grunnvassnivået er knytt saman med nivået i elva. Når elva er flaumstor vil vatn frå elva mate meir til grunnvassreservoaret, mens i periodar med låg vassføring i elva vil grunnvatnet drenere til elva.

1.5.3 Arealbruk

Voss herad er eigar av det aktuelle området kor brønnane er etablert. Brønnane utgjør små inngrep i marka. Anna arealbruk vert ikkje vurdert her.

1.6 Kommuneplan

Reservevasskjelde med grunnvassuttak på Bømoen er med i dei kommunale planane vedtatt i 2024.

1.7 Verneplan for vassdrag

Bømoen og grunnvassbrønnane ligg innanfor vassdragsområdet 062/1 Vossovassdraget, som er varig verna saman med Flåm- og Undredalsvassdraget for å bevare eit større samanhengande natur- og friluftsområde. Vossovassdraget ligg mellom indre del av Sognefjorden og Hardangerfjorden og er anbefalt typevassdrag for regionen. Grunnlaget for vernet er eit landskap omfatta av høgfjell, dalsider og lågland med tilhøyrande elveløpsformer, former danna under issmeltinga etter siste istid, botanikk, landfauna og vassfauna. Desse inngår som viktige delar av naturmangfaldet.



1.8 Nasjonale laksevassdrag

Raundalselvi, som renn like i nærleiken av grunnvassbrønnane, er ei av tre hovudgreiner i Vossovassdraget. Vossovassdraget er eit nasjonalt laksevassdrag. Elva er tilnærma uregulert oppstraums Palmafossen, og er nasjonalt viktig som oppvekstområde for vossolaksen og sjøaure.

1.9 Andre verneområde

Bømoen leir, flyplass og forsvarsanlegg ligg sør og vest for grunnvassområdet. Det er fleire krigsminne i leiren.

2 Høyring og distriktsbehandling

Søknaden er behandla etter reglane i kapittel 3 i vassressurslova. Den er kunngjort og lagt ut til offentleg ettersyn. I tillegg har søknaden vore sendt lokale myndigheiter, interesseorganisasjonar og involverte partar for uttale. Søkjar har fått høve til å kommentere høyringsuttalane.

Høyringspartane sine eigne oppsummeringar er referert der slike finnst. Andre uttalar er forkorta av NVE. Fullstendige uttalar er tilgjengelege via offentleg postjournal og/eller NVE sine nettsider. NVE har motteke følgjande kommentarar til søknaden:

Vestlandet fylkeskommune uttala i brev av **16.06.2024**:

«Vestland fylkeskommune, Arealplan viser til sak om etablering av drikkevassforsyning på Bømoen, inne på eigedomen 92/83. Me kjenner ikkje til funn eller automatisk freda kulturminne i det aktuelle inngrepsområdet. Bømoen leir ligg rett sørvest om kommunal eigedom og det er viktig at tiltaket ikkje får negative konsekvensar for den verna leiren.

Utover dette har me ikkje andre merknadar enn at me synest det er viktig at Voss herad får ei reservevasskjelde i Bømoen i tillegg den dei har i Prestegardsmoen.»

Statsforvaltaren i Vestland uttala i brev av **30.05.2024**:

«Vassuttak til drikkevassføremål har høg prioritet opp mot andre samfunnsinteresser. Planlagt vassuttak vil truleg ikkje påverke vassføringa i Raundalselvi, som er verna mot kraftutbygging, i nemneverdig grad.

Vi kjenner ikkje til viktige naturverdiar eller friluftsinnteresser som vil bli påverka av tiltaket.

Vi vurderer ut frå dette at tiltaket vil få små konsekvensar for allmenne interesser. Vi tek atterhald om at det kan vere lokale interesser som ikkje vi kjenner til.»

Mattilsynet uttala i brev av **22.05.2024**:

«Behovet for å etablere ei reservekjelde med fullgod kapasitet og kvalitet er reelt. Mattilsynet støttar Voss Herad sine vurderingar, og ber om at søknaden blir innvilga slik at Voss Herad kan koma i gang med å etablere reservekjelde med vassuttak på Bømoen.

Vossevangen vassverk forsyner kring 11 000 personar, sjukehus, ulike institusjonar med sårbare grupper, skule og barnehage, samt landbruk og næringslivsverksemdar. Det er difor viktig at Voss herad får etablert ei fullgod reservevassforsyning så snart som mogleg.

Det er eit viktig prinsipp i norsk drikkevassforvaltning at ein så langt som råd baserer drikkevassforsyninga på stabile råvasskjelder som er lite utsett for forureining, og der behovet for vassbehandling er minimalt. Dette gir betre tryggleik enn om vatnet er utsett for



forureining og må gjennomgå omfattande vassbehandling. Grunnvassførekomsten på Bømoen er grundig kartlagt over mange år, og det er konkludert med at kjelda har tilstrekkeleg kapasitet og er godt beskytta mot forureining.

Det er Mattilsynet si vurdering at vassførekomsten er svært godt eigna til drikkevatt, og vi ber difor om at Voss herad sin søknad om løyve til uttak av grunnvatn på Bømoen til drikkevassforsyning blir innvilga.»

Norges geologiske undersøkelse (NGU) uttala i brev av 25.04.2024:

«Brønn 8 i søknaden er registrert med brønn nummer 93962 i den Nasjonale grunnvanns-databasen (GRANADA), men var plassert med feil koordinater. NGU har flyttet brønnen i GRANADA til lokaliteten som er angitt i Figur 10 i søknaden. Det anbefales at brønnen måles inn med GPS på nytt for å få nøyaktig plassering.

I søknaden trekkes fram en grunnvannsmodellering av uttak i B3, som ikke vil inngå i vannverksområdet. Modelleringen oppfattes som ikke spesielt relevant for søknaden. Det henvises til at det er en ny grunnvannsmodell for hele området under utarbeidelse. Vi vurderer at en slik modell vil være nyttig ved vurderinger av strømningsretning / risiko for spredning av (ukjente) forurensninger og eventuell justering av alternerende bruk av brønner dersom kvalitets/kapasitetsproblemer skulle oppstå ved enkelte brønner.

Basert på langtidsprøvepumping, kartlagte geologiske forhold og analyser av vannkvalitet, vurderes at søknaden tilstrekkelig dokumenterer at uttaket er bærekraftig og innenfor det grunnvannsmagasinet tåler, også uten grunnvannsmodell. Det legges merke til at tabell 1 viser at den totale brønncapasiteten er noe høyere enn omsøkt uttak på 60 l/s (88 l/s) og at samlet normalt uttak (11 l/s) er lavere enn summen av normalt uttak per brønn (25 l/s) som følge av alternerende uttak fra brønnene.

NGU har ingen vesentlige kommentarer til søknaden.»

2.1 Tilleggsopplysningar

Søkjar Voss Herad kommune har vore tilsendt høyringsuttalane og svara med følgjande kommentarar:

«Det vert vist til svar på høyringsuttalelser frå følgjande instansar

- *Norges Geologiske Undersøkelse (NGU)*
- *Mattilsynet*
- *Statsforvaltaren i Vestland*

Norges Geologiske undersøkelse har ingen vesentlige kommentarer til søknaden. Men NGU påpeikar feilplassering av ein brønn i høve til NGU sin brønndatabase. Voss herad vil måla inn alle brønnane korrekt og syta for at NGU får denne informasjonen. NGU påpeikar at grunnvassmodellen er lite relevant for søknaden sidan den ikkje gjeld heile brønnområdet. Det pågår eit forskingsarbeid i området og ny grunnvassmodell er under utarbeiding.

Mattilsynet støttar Voss herad sine vurderingar og ber om at søknaden vert innvilga.

Statsforvaltaren i Vestland vurderer at tiltaket vil få små konsekvensar for allmenne interesser og at det ikkje er viktige naturverdiar som vert påverka av tiltaket.



Statsforvaltaren har ikkje avgjerande merknader til søknaden om uttak av grunnvatn til drikkevassforsyning på Bømoen i Voss herad».

3 NVE si vurdering

NVE skal kun behandle sjølve grunnvassuttaket.

3.1 Hydrologiske verknader av tiltaket

Grunnvassressursen på Bømoen har vore nytta sidan 1980-tallet av Forsvaret. Dei etablerte eit mindre vassverk på tomta med kapasitet inntil 300 m³/døgn. I følge områdereguleringsplanen for Bømoen er drifta av vassverket overdratt til Bømoen AS. Voss herad har i seinare tid kjøpt tomta og etablert fem nye brønnar. Dei planlegg å oppføre eit nytt vassverk og høgdebasseng innanfor det same området. Kommunen søker om eit samla grunnvassuttak på 5184 m³/døgn (60 l/s). Vasskjelda skal fungere som reservevassforsyning for kommunen dersom Vossevangen vassverk vert sett ut av drift. Vassverket skal vere i kontinuerleg drift på et lågare nivå og supplere Vossevangen med 11 l/s.

Grunnvassreservoaret har eit stort nedbørsfelt og infiltrasjon kjem frå både land og Raundalselvi. Raundalselvi er knytt saman med grunnvatnet i breelavsetningane og tilfører reservoaret vatn når elva er stor. Når det er låg vassføring i elva drenerer grunnvatnet mot elva. Eit punkt generert i Nevina like utanfor brønnane, viser at Raundalselvi har eit nedbørsfelt på 467,8 km² og ei middelvassføring på 32418,5 l/s. Søknaden viser til analysar av oksygenisotopar i grunnvatnet, og estimerer at berre 35 % av infiltrasjonen til grunnvassreservoaret kjem frå elva. Vidare viser undersøkingar at det vil ta omlag 65 dagar for vatnet i elva å strøyme bort til brønnområdet frå elva. Dei resterande 65 % av tilførsla til reservoaret er infiltrasjon frå nedbør. Brønnane har dermed stor kapasitet. NGU bekreftar også dette i si uttale om saka.

Med utgangspunkt i søknaden sine resultat etter prøvepumping og testing, innkomne høyringsuttalar, erfaring frå dagens uttak, samt hydrologiske databaseverktøy, vurderer NVE at Voss herad vil få ei sikker vassforsyning gjennom det planlagde reservevassverket på Bømoen.

3.2 Verna vassdrag

Grunnvassbrønnane ligg innanfor Vossovassdraget som er eit varig verna etter verneplan for vassdrag. Vernet er gjeve på bakgrunn av landskapsformane med høg fjell, dalsider og lågland med tilhøyrande elveløpsformar, botanikk, landfauna og vassfauna. Saman inngår desse som viktige delar av naturmangfaldet. Vossovassdraget ligg mellom indre del av Sognefjorden og Hardangerfjorden og er anbefalt typevassdrag for regionen. Vossovassdraget er også eit nasjonalt laksevassdrag, og Raundalselvi er viktig som oppvekstområde for vossolaksen og sjøaure. Raundalselvi har eit nedbørsfelt på 467,8 km² og ei middelvassføring på 32418,5 l/s ved brønnane.

Analysar i søknaden viser at 65 % av grunnvassinfiltrasjonen til reservoaret kjem frå nedbør og 35 % er elveinfiltrasjon. Raundalselvi har eit stort nedbørsfelt og høg middelvassføring ved Bømoen. NVE meiner difor at vassuttaket på Bømoen ikkje vil gje nemneverdig utslag på vassføringa i elva slik at det påverkar vernegrunnlaget.



3.3 Naturmangfald

3.3.1 Naturtypar

Søk i Naturbase 18.06.2025 viser ikkje verdifulle naturtypar i det aktuelle brønnområdet. Det er registrert gråor-heggeskog like nordaust for tiltaket, men brønnane vil ikkje påverke denne skogen.

3.3.2 Artar

Søk i Artskart viser ingen raudlista artar i det aktuelle området. Nokre raudlista fuglar held til i skogen på Bømoen, men tiltaket vil ikkje påverke desse. I Raundalselvi er det laks (NT), men vassuttaket vil heller ikkje ha betydning for fisken.

3.3.3 Forholdet til naturmangfaldlova

Alle instansar med myndigheit innan forvaltning av natur, eller som tek avgjersler som har verknad for naturen, er pliktige etter naturmangfaldlova § 7 å vurdere det planlagde tiltaket opp mot naturmangfaldlova sine relevante paragrafar. I NVE si vurdering av søknaden om grunnvassuttaket på Bømoen legg vi til grunn prinsippa i §§ 8-12 samt forvaltningsmåla i naturmangfaldlova §§ 4 og 5.

Kunnskapen om naturmangfaldet og effekt av ev. påverknad er basert på den informasjonen som er lagt fram i søknaden, miljørapport, høyringsuttalar og NVE sine egne erfaringar. NVE har også gjort egne søk i tilgjengelege databasar som Naturbase og Artskart den 18.06.2025. Etter NVE si vurdering er det innhenta tilstrekkeleg informasjon til å kunne fatte vedtak, og for å vurdere tiltaket sitt omfang og verknadar på det biologiske mangfaldet. Samla sett meiner NVE at kunnskapsgrunnlag er godt nok utgreidd, jamfør naturmangfaldlova § 8.

I influensområdet til grunnvassuttaket finst det raudlista fuglar som gulsporv (VU), gråtrost (LC) og vintererle (LC), men Voss herad sine planar om vassuttak vil ikkje påverke desse. Eit grunnvassuttak som omsøkt vil etter NVE si mening ikkje vere i konflikt med forvaltningsmålet for naturtypar og økosystem gjeve i naturmangfaldlova § 4 eller forvaltningsmålet for artar i naturmangfaldlova § 5.

NVE har også sett påverknaden frå vassuttaket i samanheng med anna påverknad på naturtypane, artane og økosystemet. Bømoen vart tidlegare nytta til militært formål, men i dag står fleire av anlegga igjen som krigsminne. Flyplassen er framleis i bruk for småfly. Det er også noko industri i området, samt gardsdrift. Raundalselvi, som renn like aust for brønnområdet, er nærmast uregulert. Planane kommunen har med etablering av ei reservevasskjelde vil ikkje skade eller ha nemneverdig verknad på naturmangfaldet på Bømoen. Den samla belastninga på økosystemet og naturmangfaldet er såleis vurdert, jamfør naturmangfaldlova § 10. Den samla belastninga er vurdert til ikkje å vere så stor at den er avgjerande for konsesjonsspørsmålet.

Etter NVE si vurdering føreligg det tilstrekkeleg kunnskap om verknadar tiltaket kan ha på naturmiljøet, og NVE meiner at naturmangfaldlova § 9 (føre-var-prinsippet) ikkje skal vektleggast.


Avbøtande tiltak og utforminga av tiltaket vil bli spesifisert nærare i våre merknadar til vilkår dersom det vert gjeve konsesjon. I tråd med naturmangfaldlova §§ 11-12, vil det vere tiltakshavar som ber kostnadane av dette.



3.4 Landskap, friluftsliv og brukarinteresser

Store deler av Bømoen er rekna som nærturterreng med stiar og lysløyper, og er eit svært viktig område for friluftsliv heile året. To av grunnvassbrønnane, B4 og B7, ligg innanfor dette området. Brønnane vil bli gjerda inn med ein diameter på 10 meter for å sikre mot forureining nærast brønnane. Det kjem fram i søknaden at det kan verta noko restriksjonar på arealbruken i framtida, men at grunnvatnet har eit godt naturleg vern slik at dette ikkje treng å verta inngripande for arealbruken.

Slik brønnane er bora vil dei ikkje kome i vegen for etablerte turstiar. Brønn B6 er nærast ein sti, og her må inngjerdinga utformast slik at den ikkje blir lagt i vegen for stien. NVE meiner at grunnvassbrønnane ikkje vil vere til nemneverdig skade eller ulempe for friluftsliv eller brukarinteresse i område.



Figur 3 Kart frå NGU si grunnvassdatabase viser plassering av brønnane. Naturbase sitt kart er lagt oppå og viser eit utsnitt av det svært viktige friluftslivsområdet i lyseraudt. Ein ring på 10 m i diameter er sette rundt kvar brønn for å illustrere kor inngjerdinga vil stå i forhold til turstiar som er merka på kartet.

Det er produktiv skog i nærleiken av brønnane, men det er nemnt i søknaden at denne ikkje vil bli teken ut som følge av vernet av vasskjelda. Aust for Raundalselvi er det landbruk. Uttaket av grunnvatn vil ikkje påverke dette, og det er ikkje naudsynt med restriksjonar på landbruksdrifta.

3.5 Vassforskrifta

Grunnvassbrønnane ligg innanfor vassførekomst 062-009-G Voss. I Vann-nett er førekomsten registrert som ein grunnvassførekomst med antatt betydeleg grunnvasspotensial i breelv- og fluviale avsetningar. Vassførekomsten er oppført med god miljøtilstand, og det er viktig at nye tiltak ikkje forringar dette. Raundalselvi er nærast uregulert oppstrøms Palmafossen, som ligg



omlag 3 km nedstrøms brønnområdet. Ny aktivitet eller nye inngrep skal vurderast etter vassforskrifta § 12. Det planlagde vassuttaket er etter NVE si vurdering innanfor toleevna til grunnvassførekomsten, jf. også kravet i vassressurslova § 44. Tiltaket vil i svært liten grad påverke vassførekomsten. NVE kan derfor ikkje sjå at det planlagde vassuttaket vil forringe dagens tilstand vesentleg eller hindre at ein oppnår fastsette miljømål for vassførekomsten. Vassforskrifta § 12 kjem difor ikkje til bruk i denne saka.

3.6 Kulturminne

Det er registrert fleire kulturminne tilhøyrande Bømoen leir sørvest for brønnområdet. Desse vil ikkje blir påverka av grunnvassuttaket.

3.7 Naturfare

Brønnområdet ligg utanfor område for aktsemd mot flaum. Avsetning frå breelvar er stabile lausmassar og det er ikkje fare for skred ved brønnane. NVE Atlas opplyser at Raundalselvi ligg under marin grense, og at det må visast aktsemd for kvikkleire i området. Det er ikkje kartlagt kvikkleire i området, og brønnane vil ikkje påverke grunnforholda i område med potensial for kvikkleire. Data frå boring av dei aktuelle grunnvassbrønnane viser at der er lausmassar av sand, grus og stein.

3.8 Vasskvalitet, vassforsynings- og resipientinteresser

Analysane som er gjort viser god kjemisk og bakteriologisk vasskvalitet og grunnvatnet eignar seg godt som drikkevatt.

3.9 Samfunnsmessige fordelar

NVE vurderer at det er eit nødvendig tiltak å etablere ei reservevasskjelde i Voss herad. Kommunen har Vossevangen vassverk som hovudkjelde, men vassverket ligg utsett for flaum på Prestegardsmoen. Det nye vassverket på Bømoen vil supplere eksisterande vassverk med 11 l/s, samstundes som det kan levere tilstrekkeleg med drikkevatt av god kvalitet til befolkning og næring i Voss, om Vossevangen vassverk vert sett ut av drift.

3.10 Oppsummering

Voss herad søker om konsesjon til å ta ut inntil 5184 m³/døgn (60 l/s) med grunnvatn frå fem lausmassebrønner etablert på Bømoen. Det nye vassverket skal vere kontinuerleg i drift ved å supplere Vossevangen vassverk med 11 l/s. Vassverket skal ha kapasitet til å forsyne kommunen med vatn dersom vassverket på Vossevangen blir sett ut av drift.

Vest for brønnområde renn Raundalselvi, som er del av det verna Vossovassdraget. Vernet er gjeve på bakgrunn av landskapsformane med høgfjell, dalsider og lågland med tilhøyrande elveløpsformar, botanikk, landfauna og vassfauna. Raundalselvi har høg middelvassføring ved Bømoen, og grunnvassuttaket vil ikkje påverke vassføringa eller vernegrunnlaget i nemneverdig grad.

Mattilsynet meiner Voss herad må få løyve, og også statsforvaltar og fylkeskommunen, er positive til tiltaket. Vassuttaket vil ikkje skade eller vere til ulempe for Raundalselvi, Bømoen leir eller nærfriluftslivområdet som omkransar grunnvassbrønnane, og NVE meiner at det er naudsynt å få ei reservevasskjelde på plass.



4 NVE sin konklusjon

Etter ei heilskapleg vurdering av planane og dei innkomne uttalane meiner NVE at fordelane av det omsøkte tiltaket er større enn skadar og ulemper for allmenne og private interesser, slik at kravet i vassressurslova § 25 er oppfylt. NVE gjev Voss herad løyve etter vassressurslova § 45 til uttak av grunnvatn ved Bømoen på inntil 5184 m³/døgn ved bruk som reservevatn, og 11 l/s i normal drift. Løyvet er gjeve på nærare fastsette vilkår.

Dette vedtaket gjeld berre løyve etter vassressurslova.

5 Forholdet til anna lovverk

5.1 Forholdet til plan- og bygningslova

Forskrift om byggesak (byggsaksforskrifta) gir saker som er underlagt konsesjonsbehandling etter vassressurslova fritak for byggesaksbehandling etter plan- og bygningslova. Dette skjer med føresetnad om at tiltaket ikkje er i strid med kommuneplanen sin arealdel eller gjeldande reguleringsplanar. Forholdet til plan- og bygningslova må avklarast med kommunen før tiltaket kan setjast i verk.

6 Merknader til konsesjonsvilkåra etter vassressurslova

6.1.1 Post 1: Grunnvassuttak

Løyve gjeld eit maksimalt uttak av grunnvatn til reservevassforsyning på inntil 5184 m³/døgn (tilsvarande eit kontinuerleg vassuttak på 60 l/s) frå fem lausmassebrønnar på Bømoen i Voss herad kommune. Kontinuerleg uttak er på 11 l/s.

For å sikre at uttaket blir avgrensa til det grunnvatnet toler jf. vassressurslova § 44, set NVE vilkår om måling, registrering og dokumentasjon av samla vassuttak og kontrollmålingar av grunnvassnivå. Det skal installerast loggarar på inntaksvatnet for grunnvassuttaket, og data for uttak av vatn skal kunne leggst fram for NVE på førespurnad. Logging av vassuttak skal gjennomførast kontinuerleg.

6.1.2 Post 4: Godkjenning av planar, landskapsforhold, tilsyn m.v.

Konsesjonen omfattar berre grunnvassuttaket. NVE sitt miljøtilsyn skal godkjenne plan for måling, registrering og dokumentasjon av samla vassuttak og kontrollmålingar av grunnvassnivå. Dersom det skal gjerast meir arbeid med brønnane, skal dette inngå i detaljerte planar, som skal leggst fram for NVE sitt miljøtilsyn og godkjennast av NVE før arbeidet vert sett i gong. Det same gjeld dersom det seinare er behov for etablering av nye brønnar til erstatning for dei eksisterande.

Tabellen under prøver å summere føringar og krav som ligg til grunn for konsesjonen. Det kan likevel skje at det er gjeve føringar andre stadar i dokumentet som ikkje har komme med i tabellen. NVE presiserer at alle føringar og krav som er nemnt i dokumentet gjeld.



NVE har gjeve konsesjon på følgjande føresetnadar:

Grunnvassuttak	
Grunnvassbrønner	Det er etablert 5 brønner som skal nyttast.
Største vassuttak	5184 m ³ /døgn (60 l/s) Vassverket på Bømoen skal fungere som vassskjelde i Voss herad dersom Vossevangen vassverk blir sett ut av drift. Brønnane har ulik kapasitet, men samla samtidige uttak skal ikkje vere høgare enn 60 l/s.
Normalt, gjennomsnittleg vassuttak	Det nye vassverket på Bømoen skal vere kontinuerleg i drift og supplere Vossevangen vassverk med 11 l/s (950,4 m ³ /døgn).
Naturmangfold og friluftsliv	Inngjerding av brønner skal gjerast slik at dei ikkje sperrar for etablerte turstiar eller løyper i nærturområdet. NVE viser til vassressurslova § 43 om forvaltaransvar og aktsomheitsplikt, og at grunnvasstiltak skal planleggjast og gjennomførast slik at dei er til minst mogleg skade og ulempe for allmenne og private interesser.

Det er angitt i tabellen i kva grad justeringar kan gjerast i samband med detaljplanlegginga. Dersom det ikkje er gjeve spesielle føringar kan mindre endringar godkjennast av NVE som del av detaljplangodkjenninga. Dersom det er endringar skal dette gå tydeleg fram ved oversending av detaljplanane.

6.1.3 Post 5: Naturforvaltning

Vilkår for naturforvaltning blir teke med i konsesjonen. Eventuelle pålegg i medhald av dette vilkåret må vere relatert til skadar forårsaka av tiltaket og stå i rimeleg forhold til storleiken og verknad av tiltaket.

6.1.4 Post 6: Automatisk freda kulturminne

NVE føreset at utbyggjar tar den nødvendige kontakt med fylkeskommunen for å klarere forholdet til kulturminnelova § 9 før innsending av detaljplan. Vi minner vidare om den generelle plikta om aktsemd med krav om varsling av aktuelle instansar dersom ein kjem over kulturminne i byggjefasen, jf. kulturminnelova § 8 (jf. post 3 i vilkåra).

7 Vedlegg

Kart



Senterposisjon: 36819.38, 6752467.16
Koordinatsystem: EPSG:25833
Utskriftsdato: 14.12.2023

0 50 100 150 200m

